


11.04.2007

Masseeuttak på 120 dekar vest for Uskedalselva



Dette er reguleringsplanen for masseeuttaket som Trond H. Myklebust planlegg vest for Uskedalselva. Planen ligg no til offentleg ettersyn.. Hauglandkrysset er oppe til høgre.

Reguleringsplanen for masseeuttak-området vest for Uskedalselva er lagt ut til offentleg ettersyn fram til 11. mai på rådhuset i Rosendal og SPAR i Uskedalen. Planen går ut på at det skal tas ut masse på 120 dekar av det 140 dekar store området som hører til Øvre Døssland og som Trond H. Myklebust (34) eig.

Uttaksområdet ligg langs gamlevegen opp mot Børsdalen, fra kryssen med fylkesvegen og innover, og det blir no nytta som beite. Det er avsett til DNF-område i gjeldande kommunedelplan, men det er så langt ikke registrert spesielle motforestillinger mot prosjektet. Fylkesmannen er prinsipielt skeptisk til disponering av et LNF-område til masseeuttak, men kan opna for omregulering sidan det har vore sandtak i området før.

Myklebust, som har vore Nordsjøarbeidar i 10 år men som no planlegg å gå i land, meiner at leveransar av støypesand frå Øvre Døssland kan gje minst tre arbeidsplassar og at ressursane vil vara i 20 år.. Etter uttakstida skal området tilbakeførast til jordbruksføremål.

Forvaltningskomiteen hadde ingen merknader då den la ut reguleringsplanen til offentleg ettersyn. Det er Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS som har utarbeidd plana på oppdrag frå Myklebust.

Det skal ikkje monterast noko knuseverk i sandtaket. Massene skal transporterast til Børnes industriområde for lagring og utskiping.

Trond H. Myklebust søkte i mars Innovasjon Norge om midlar til bygdeutvikling og fekk til svar at eit eventuelt tilskot måtte bli betydeleg lågare enn den sum det var søkt om – fordi det er mange søknader om slike midlar. Innovasjon Norge bad også om fleire opplysningar om kor langt arbeidet med prosjektet har kome. Det gjeld til dømes arbeidet med skogrydding, reguleringsplanen, arkeologiske undersøkingar og analyser og godkjenning av sandprøver.

Av Ola Matti Mathisen